



Presentasjon av korleis lærarar og leiar på Førde barneskule har opplevd gjennomføringa av forskingsprosjektet:

«Mestringsforventningar»

Therese Helland- rektor

Førde barneskule





Svar frå lærar:

Hvordan oppleves det av læreren at det er forskere til stede i klasserommet?



«At det er forskarar til stades ser eg på som udelt positivt.
Å bli observert i undervisinga trur eg kan heve meg eit lite hakk.»

Hvordan oppleves det av læreren at det er forskere til stede i klasserommet?



«Eg vart spurt før og etter kvar undervisningsøkt om kva eg hadde tenkt, korleis eg syntes det gjekk osb.. og det tvinger meg til å reflektere mykje rundt det eg gjer. Det er berre sunt.»

Hva slags effekt (om noen) har det i kollegiet at det forskes på skolen?



«Viss forskinga blir presentert på ein god måte og opplevd som relevant, trur eg det kan føre til positiv endring i kollegiet. Det er avgjerande at forskinga blir presentert på ein open måte som har som utgangspunkt at lærarane er kompetente fagpersonar.»

Hvordan kan skoler dra nytte av at de forskes på?



«Forskningsprosjektet tek føre seg meistringsforventningar og kva desse har å seie for prestasjonane i matematikk.

Lærarane bør kjenne til korleis forventningar påverkar m.a. motivasjonen og meistring for å oppdage moglege grunnar til at enkelte elevar underpresterer, og for å hjelpe elevane til å utvikle formålstenelege strategiar i møte med matematikkfaget.»

Hva er viktig for at det skal kunne være nyttig?



«For meg som lærar vil det vere interessant og nyttig å få tilgang til datamaterialet som vart samla inn. Få svar på:

- Korleis opplever elevane forklaringane som eg gjev?**
- Klarar dei å få med seg innhaldet?**
- Kva tenkjer dei om eigne sjansar til å lukkast med matematikkoppgåver?**

Dette er tema på elevsamtale, men eit så omfattande datamateriale innan eitt fag hadde vore bra å få tilgang til.»

Hva er viktig for at det skal kunne
være nyttig?



«Eg har spurt om å få tilbakemelding frå forskarane, på eventuelte nyttige observasjonar medan dei var i klasserommet, og dette var dei positive til.

Det er ein måte å gjere forskingsarbeidet endå meir nyttig for meg som lærar.»

Bård Åsnes- kontaktlærer

Førde barneskule



Mitt perspektiv som pedagogisk leder.




- Det er veldig bra å **knyte kontakt mellom forskning og skule.**
- Det er inspirerende **at skulen blir involvert** i forskingsarbeid, som her- ein del av eit større og omfattande prosjekt. Dette kan gje **gode refleksjonar over eigen praksis.**

Mitt perspektiv som pedagogisk leder.




- Det er nyttig med **foredrag / refleksjonar i heile kollegiet** og presentasjon av arbeidet som er gjort ved skulen.
- **Eit spesifikt forskingsarbeidet** vil kunne gjere forskingsresultata lettare tilgjengeleg.
- Det er vesentleg at deltakinga **blir opplevd som meningsfull** og er **direkte kopla opp mot undervisninga av elevane.**

Mitt perspektiv som pedagogisk leder.



Dette vert gjennomført ved skulen i dag:

- Refleksjonar etter gjennomførte NP og kartleggingar.
- Refleksjonar etter gjennomført elevundersøking.



Mitt perspektiv som pedagogisk leder.



Forskinga vil kunne bidra til

- At skulen blir betre på å fordjupe seg i eigen praksis, med tydelege mål og forventningar.
- At vi har ei felles forståing av kva for tiltak som har effekt på kven og kvifor.
- At vi har fokus på læraren si rolle.

Mitt perspektiv som pedagogisk
leder.



Avslutningsvis.....

- At lærarane gjev positiv tilbakemelding på deltakinga i forskingsprosjektet kan vise at **forskarane har gjeve noko direkte attende til skulen.**
- Dei har vore audmjuke i dialog med skulen, og dei har gjeve **konstruktive tilbakemeldingar.**
- Lærarane har ikkje gjeve uttrykk for at dette har medført meirarbeid.
- For skulen er det å delta i forskning **identitetsbyggande.**